



Audun Bratshaug
Skjelangervegen 779
5917 ROSSLAND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/602 - 15/5344

Saksbehandlar:
Marius Flemmen Knudsen
marius.knudsen@meland.kommune.no

16.03.2015

Svar vedrørende søknad om bygging av velteplass.

Viser til dykkar søknad av 03/03.2015 om bygging av ein velteplass.

De søkjar om løyve til å byggja ein lunneplass på Bratshaug ved siden av fylkesveg 249. Velteplassen vil vere naudsynt for å sikra ein trygg og effektiv lasting av tømmer på tømmerbilen, som sikrar ein rasjonell drift og dempa ulemper for anna trafikk. De opplyser om at velteplassen vil bli 22 meter lang og vil ikkje medføra store terrenginngrep som inneberer heving eller senking av terrenget meir enn 1 meter.

Etter ein vurdering og i medhald til §1-2 i *forskrift om planlegging og godkjenning av veier til landbruksformål* meiner Meland kommune at dette tiltaket ikkje krev søknad for å kunne gjennomførast. § 1-2 gjev følgjande unntak frå søknad «Unntatt er opparbeiding av oppstillingsplass for landbruksmaskiner til bruk på eigedommen, og enkle driftsveier som medfører bare ubetydelige terrenginngrep». Dette presiserast også ytterligare i rundskriv M-2/1997 - *Ny forskrift om planlegging og godkjenning av veier til landbruksformål*. Rundskrivet peikar på følgjande; «Eksempler på oppstillingsplass er planering av plass for redskap og traktorer på gården og standplass for vinsj langs eksisterende skogsveier».

Dette må også sjåast i samband med at søkjar for ikkje søker om ein permanent godkjent avkjøring frå offentleg veg, men vil søkja om midlertidig avkjøring når velteplassen skal nyttast.

Meland kommune vurderer det slik at Audun Bratshaug ikkje treng søkja etter *forskrift om planlegging og godkjenning av veier til landbruksformål* for å kunne opparbeide den planlagde velteplassen forutsatt at den ikkje medfører heving eller senking av terrenget meir enn 1 meter og ikkje overstigar 22 meters lengde.

Med helsing

Marius Flemmen Knudsen
skog- og miljøkonsulent

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Mottakere:

Audun Bratshaug

Skjelangervegen 5917
779

ROSSLAND